



Fusa kommune – midt i blinken

Plan for Fusa kulturskule

2011-2015



INNHALD

1	Innleiing	3
2	Visjon og mål	4
2.1	Visjon	4
2.2	Overordna mål	4
2.3	Mål for aktivitet og innhald	5
2.4	Mål for samarbeid med fritidskulturliv	5
2.5	Mål for samarbeid med barnehagar og skular	5
2.6	Økonomiske mål	5
3	Kulturskulen - eit lokalt ressurscenter	5
3.1	Kulturskule og skuleverk	5
3.2	Kulturskule og barnehage	6
3.3	Kulturskule og kulturliv	6
3.4	Kulturskule og menneske med nedsett funksjonsevne, institusjonar m.m.	6
3.5	Kulturskule og det fleirkulturelle samfunnet	6
4	Fagområde	7
4.1	Musikk	7
4.2	Dans	8
4.3	Visuelle kunstfag	9
4.4	Teater	9
4.5	Skapande skriving	10
5	Lokale og utstyr	11
6	Arbeidsmåtar og organisering	12
6.1	Gruppeundervisning/individuell undervisning	12
6.2	Meisterlæring	12
6.3	Oppdagande undervisning	13
6.4	Utøvande aktivitet	13
6.5	Prosjektundervisning	13
6.6	Fordjupingstilbod	13
7	Vurdering og kvalitetsutvikling	13
8	Økonomi	14

1 INNLEIING

Fusa kulturskule blei etablert i 1995. Skuleåret 2010-2011 har kulturskulen ca. 140 elevar fordelt på piano, keyboard, hardingfele, gitar, el-gitar, bass og saksofon. Periodevis har det vore undervisningstilbod i musikkteknologi, dans og maling/teikning. Kulturskulen har samarbeid med Fusa sokneråd om Musikk i livets begynnelse. Kulturskulen har sal av dirigenttenester til eit kor. Grunnskulen kjøper timar til musikkundervisning gjennom kulturskulen. Gjennom skuleåret gjennomfører kulturskulen ulike prosjekt enten som eigen arrangør eller i samarbeid med andre. Dette kan vera rocke-verkstader, samspelprosjekt, eller samarbeidsprosjekt med grunnskulen. Skuleåret 2010-2011 står ca 50 born på venteliste for å få plass i kulturskulen.

Fusa kulturskule samarbeider tett med regionen Hardanger, Voss, Vaksdal. Det blir arrangert årlege personalkurs, rektormøte og elevmønstring. Norsk kulturskuleråd sentralt og på fylkesplan er også ein viktig samarbeidspartnar.

Denne planen er ein overordna plan som peikar på vegen vidare og dei muligheter som ligg i kulturskulesystemet. Det er dokumentert at kunst og kultur er bra for all læring og utvikling, både som mål og middel.

Ein skule i sterkt samspel med kulturskulen gjev elevane rammer for den beste utdanning. Den famnar om lek, læring, motivasjon og meistring. Å prioritera kultur og kreativitet er difor ei utgift til inntekts erverving, og famnar langt inn i framtida!

Planprosess og gjennomføring

Oppvekstplanen for Fusa kommune slår fast at det skal lagast ein eigen plan for kulturskulen i Fusa.

Det er laga ein prosjektplan med prosjektorganisering av planarbeidet. Prosjektleiari har vore rektor for kulturskulen Are Fløisand.

Det har vore etablert ei referansegruppe der desse var med:

- 1 representant for barnehage og skule – Anne Helen Helland
- 1 representant for helse- og omsorgssektoren – Svanhild Helland
- 1 frå kultur – Erik Vangsnes
- 1 frå tilsette i kulturskulen – Aksel H. Hodhus
- 1 kulturskuleelev – Andreas Haavik

Styringsgruppe for planarbeidet har vore strategisk leiargruppe med rådmann Berit Fløisand og kommunalsjef Øyvind Haga.

Planen byggjer på offentlege dokument og føringar for kulturskuledrift:

- Rammeplan for kulturskulen – På vei mot mangfold, Norsk kulturskoleråd (NKR)
- Skapande læring: strategi for kunst og kultur i opplæringa, Kunnskapsdepartementet
- Kulturskulen: Utvikling av kulturskulen som lokalt ressurscenter, Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa, NKR
- Kulturskoleløftet – kulturskole for alle, Kulturskuleutvalet

Planen er tilpassa lokale tilhøve i Fusa der det er teke omsyn til mellom anna oppvekstplan og velferdsplan.

Planarbeidet og invitasjon til å koma med synspunkt har vore kunngjort på Fusa kommune si heimeside og gjennom lokalavisa. Ynskje frå brukarane og frå lokalt kulturliv er teke omsyn til i planarbeidet. Kulturskuleplanen har også vore tema på personalmøte i kulturskulen.

2 VISJON OG MÅL

2.1 VISJON:

Kulturskule for alle!

Kulturskule for alle – breidde og fordjuping:

Kulturskulen skal vera open for alle som ynskjer tilbodet. I utgangspunktet vil dette gjelda barn og unge, men kulturskulen skal, gjennom aktiv rekruttering, gjera tilbodet gjeldande for alle innbyggjarane i Fusa.

Kulturskulen skal gje alle elevar eit opplæringstilbod i samsvar med dei evner og føresetnader dei har. Tilbodet skal vera så breitt som mogeleg, og kulturskulen kan setja i gang særlege tilbod for elevar med ulike føresetnader og behov.

2.2 OVERORDNA MÅL:

- Utvikla kulturskulen som eit godt lokalt ressurscenter og medverka til eit rikt og variert kulturliv i Fusa.
- Gje eit frivillig opplæringstilbod innan ulike kulturfag til alle mål- og aldersgrupper, med særleg vekt på barn og unge.
- Delta i prosessen med å marknadsføra Fusa som kulturelt senter.
- Utvikla eleven sine evner og anlegg ut frå den einskilde sine føresetnader, slik at dei kan få ein meiningsfull og stimulerande fritidsaktivitet.
- Leggja til rette for samhandling på tvers av kunstfag.

Verkemiddel

Dette kan oppnåast ved at kulturskulen:

- gjev tilpassa undervisning til alle intresserte som ynskjer tilbod ut over den undervisning dei kan få i skuleverket for øvrig
- gjev undervisning i eit vidt spekter av uttrykksformer, der både breidde og kvalitet blir teke vare på

- arrangerer konsertar, utstillingar og forestillingar og andre former for framvisning av elevane sin aktivitet
- legg til rette for tverrfaglege prosjekt
- medverkar aktivt til at elevane deltek i det lokale kulturlivet
- blir eit kulturpedagogisk kompetansesenter med støtte-og rettleiingsfunksjon overfor barnehage, skule og kulturliv
- legg til rette for møte mellom profesjonelle kunstnarar og elevar

2.3 MÅL FOR AKTIVITET OG INNHOLD:

- Skapa ein kulturskule der tilbodet til barn og unge er prega av heilskap og samanheng.
- Oppleving – forståing – sjølvstendig skapande og utøvande verksemd.
- Gjennom aktiviteten leggja vekt på å utvikla kulturell identitet.
- Gje elevane inspirasjon til eigen utvikling og kunnskapar i kunstfaga.
- Tilby opplæring tilpassa egne føresetnader og spesielle behov.

2.4 MÅL FOR SAMARBEID MED FRITIDSKULTURLIV:

- Tilføra kulturlivet i Fusa kompetanse, inspirasjon og motivasjon.
- Tilby instruktørar til lag, grupper, kor og korps i fritidskulturlivet.
- Vera tilgjengeleg og synleg i kulturlivet i Fusa.

2.5 MÅL FOR SAMARBEID MED BARNEHAGAR OG SKULAR:

- Vera eit ressurs-og kompetansesenter for barnehagar og skular.
- Driva kunst- og kulturformiddling i barnehagar og skular.
- Selja tenester til barnehagar og skular.
- Tilby lærarressursar til faste aktivitetar og prosjekt etter behov.
- Samarbeida med invandarmiljø om kulturuttrykk.

2.6 ØKONOMISKE MÅL:

- Gje kulturskuletilbod til minst 30 % av elevar i grunnskulealder
- Gje tilbod om instruktørar og dirigentar til ein akseptabel pris.
- Skulepengesatsen skal haldast på eit lavast mulig nivå.
- Kulturskulen skal ha gode lokale for dei einskilde aktivitetane.
- Kulturskulen skal driva desentraliserte tilbod i skulekrinsane.

3 KULTURSKULEN – EIT LOKALT RESSURSSENTER

3.1 KULTURSKULE OG SKULEVERK

Samarbeid med skuleverk er pålagt gjennom lovfesting av skuleslaget, og det er viktig å arbeida for ein samordna innsats for barn og unge sitt oppvekstmiljø i Fusa.

Dette kan skje på mange plan:

- Samarbeid om organisering av kulturskuleundervisninga innanfor den vanlege skuledagen. For mange elevar, lærarar og foreldre er det ynskjeleg at kulturskuleundervisninga føregår innanfor vanleg skuletid.
- Bruka kulturskulelærarane sin kompetanse som ein tilleggsressurs til vanlege undervisning, rådgjeving, utveksling av lærarar mellom skuleslag.
- Kulturskule og grunnskule samarbeider om ulike tilstellingar og prosjekt.
- Kulturskulen medverkar til å formidla kulturelle aktivitetar til alle elevar.
- Faglege nettverk for kulturskulelærarar og grunnskulelærarar om utviklingsarbeid som formidlar kunst og kultur inn i alle fagområde.
- Felles bruk av lokale, spesialrom og utstyr.
- Felles kurs-og planleggingsdagar.
- Dialog omkring den einskilde elev sin kompetanse og utvikling.
- Det må utarbeidast turnusplan for samarbeidet med den einskilde skule.

3.2 KULTURSKULE OG BARNEHAGE

Kulturskuletilbodet i Fusa må også ta vare på dei heilt små borna sin rett til kunstnarleg og kulturell stimulans. Gjennom prosjektet ”musikk frå livets begynnelse” er det hausta gode erfaringar som må vidareførast og utviklast.

Arbeid retta mot dei aller minste gjev også kulturkontakt med born og foreldre som er nye i lokalmiljøet. Dette kan gjelda innvandrarar, flyktningar eller norske nyinnflyttarar.

Kulturskule og barnehage må, på same måte som i høve til grunnskule, samarbeida om å gje eit godt kulturtilbod til dei aller yngste.

Kombinasjonen av drama, musikk, song, dans, bilde, rim og regler er spesielt godt eigna til barn i førskulealder.

3.3 KULTURSKULE OG KULTURLIV

Sjølv om kulturskulen først og fremst er ein undervisningsinstitusjon, er den også ein viktig formidlings- og kulturinstitusjon, på linje med andre tiltak i kommunen. Kulturskulen skal framstå som eit kompetansesenter for fritidskulturlivet, både med tanke på undervisning og samarbeid om stillingar.

Kulturskulen må sjå det som sitt ansvar å medverka ved ulike arrangement i lokalmiljøet.

3.4 KULTURSKULE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE, INSTITUSJONAR M.M.

Kulturskulen skal utvikla tilbod til menneske i desse gruppene, gjerne i samarbeid med eining for barn, familie og velferd og einingane som har ansvar for helse og omsorg.

3.5 KULTURSKULE OG DET FLEIRKULTURELLE SAMFUNNET

Vi har eit fleirkulturellt samfunn. Gjennom inkludering i kulturtilbodet er vi med på å skapa eit rikare liv og ei fullverdig inkludering i samfunnet.

4 FAGOMRÅDE

Under er presentert fem ulike fagområde i kulturskolen. Det må til ei kvar tid vurderast kva som er rett å setja i gang, utfrå brukarynskje, lærarar og økonomi.

Med eit breiast mogeleg fagtilbod i kulturskolen kan ein realisera denne planen sin visjon om ”kulturskule for alle”.

Fagområde i kulturskolen skal tilpassast den einskilde, slik at brukarane opplever meistring og utvikling.

Fagområda i kulturskolen skal omfatta opplæring innanfor eit spekter av ulike kulturuttrykk. Kva fagområde og aktivitetar ein har, må svara til det som er mulig å få til i lokalmiljøet, og gjenspeila det lokale kulturlivet. Samtidig skal kulturskolen gjera det mulig å etablere nye kunstnarlege uttrykksformer som enno ikkje har feste i lokalmiljøet.

Gjennom den årlege søknadsrunden med nytt elevopptak ser ein tydeleg kva ynskje og behov brukarane har.

4.1 MUSIKK

Spel, song, grupper og konsertar er sjølv kjernen i kulturskuletilbodet. Målbevisst arbeid på eleven sine egne premissar fører til gode musikalske resultat. På denne måten skal musikktilbodet både ivareta allsidigheit, breidde og talentutvikling. Gjennom musikalsk innleving og formidling av musikk til andre, vil eleven oppleve å ha verdi, styrka sjølvtilitt og bli styrka som menneske.

Mål

- Musikktilbodet i Fusa kulturskule skal vidareførast og utviklast med tanke på nye instrumenttilbod, nye arbeidsformer og ny teknologi.
- Gjennom arbeidet med musikk som kunstnarleg uttrykksform skal elevane:
 - Utvikla sin eigen musikalitet, og gleder over å kunna spela
 - Utvikla evne til instrumental dugleik og evne til formidling
 - Utvikla evne til samspel og mellommenneskeleg samhandling
 - Få tiltru til egne skapande evner
 - Bli ressursperson som kan vera med å utvikla musikklivet vidare

Innhald og praktiske løysingar

Samspel skal vera ein integrert del av instrumentalopplæringa.

- Det utviklar intonasjon, gehør, rytmisk og klanglig forståing.
- Fellesskap og kommunikasjon blir tydeleg når ein spelar i lag med andre.
- Samspelgrupper førebur eleven på aktiv deltaking i musikklivet, noko som er av stor betydning for kulturskolen sitt bidrag til lokalmiljøet.

Konsertar og opptredenar er ein viktig del av innhaldet i undervisninga.

- Kulturskuleelevane må få trening i deltaking på små konsertar alt frå første undervisningsåret.
- Konsertane må sjåast på både som innhald og som forlenging av undervisningsopplegget.

Bruk av ny teknologi er eit verktøy som kulturskulen bør ha kompetanse på og bruka aktivt innanfor fleire musikalske uttrykk.

- Datateknologi som eige instrument, i komposisjonsprosessar og til innspeling, kan brukast innanfor alle instrumentgrupper og uttrykk.
- Bruk av midi, hardiskopptak kan integrerast og vera gode hjelpemiddel, i tillegg til å dokumentera og produsera eit ferdig produkt.
- Mange unge er ekspertar på feltet, noko det er naturleg å utnytta i utvikling av kulturskulen si undervisning.

4.2 DANS

I arbeidet med dans vil prosessen vera like viktig som resultatet. Å oppleva gleda ved å dansa er det heilt sentrale. For vidarekomne elevar vil betydning av resultatet vera større.

Mål

Gjennom arbeidet med dans som uttrykksform skal elevane m.a.:

- Utvikla positiv haldning til eigen kropp og oppleving av gleda ved å dansa og bevega seg
- Oppleva at dei lukkast i arbeidet med å skapa, utøva og formidla dans på sitt nivå og på eigne premissar
- Oppleva dans som estetisk uttrykksform og kunst

Innhald og praktiske løysingar

Danseundervisninga må dekkja alle sider av det som er mål for undervisninga, og må tilretteleggjast slik at det blir samanheng i opplæringa. Tilpassa opplæring krev at sjangervalg og progresjon heile tida må vera tilpassa den einskilde elev sine evner og anlegg.

Danseframvisning må sjåast på som forlenging av den ordinære undervisninga.

Tradisjonsmusikk og dans er særprega av eit tett samspel mellom musikk og dans, spesielt mellom bygdedans og slåttemusikk. Det er difor viktig med levande musikk ved undervisning i folkedans. Dette legg til rette for eit samarbeid mellom musikk- og danseopplæringa.

Danseundervisning føregår i grupper. Storleiken på gruppene er avhengig av dei lokala ein har tilgjengeleg og kva slag danseform det blir undervist i. Gruppestorleik kan vera 8-25 elevar. Undervisningstid kan vera 45-90 minutt, avhengig av alder og nivå.

I budsjett for 2011 er kulturskolen tilført ½ stilling i tillegg. Dette kan opna for at dans blir eit fast tilbod i kulturskolen. Ved oppretting av nye tilbod må det også takast høgde for interesse frå brukarar og tilgang på lærar.

4.3 VISUELLE KUNSTFAG

Visuelle kunstfag omfattar biletkunst, kunsthåndverk, digitale bilete og andre uttrykksformer. I skapande arbeid med form, farge, komposisjon, reiskapar og teknikkar skal elevane utvikla sitt eige biletspråk under individuell rettleiing. Gleda ved å sjå og oppdaga farge og formnyansar i natur og omgjevnader er viktige impulsar i arbeid med visuelle kunstfag. Undervisninga i visuelle kunstfag skal gje elevane høve til å arbeida med forskjellige materialar, reiskapar og teknikkar. Under kyndig rettleiing skal det leggjast til rette for kreativitet og fridom i arbeidsprosessen.

Mål

Gjennom arbeidet med visuelle kunstfag skal elevane:

- Oppleva skaparglede i arbeid med konkrete material og visuell form
- Utvikla eigen visuell uttrykksevne, fantasi og formsans
- Utvikla kunnskap og gjera erfaringar med visuelle verkemiddel og uttrykksformer

Innhald og praktiske løysingar

Undervisninga i visuelle kunstfag bør omfatta fylgjande punkt:

- Skapande arbeid
- Materialkunnskap og materialbruk
- Teknikk og reiskapsbruk
- Utstilling, presentasjon og formidling
- Visuell kunst i møte med andre fagområde

Undervisning i visuelle kunstfag krev verkstadlokale som er tilpassa denne undervisninga. Lokala må ha god plass, og det må vera mogleg å arbeida med ulike material, teknikkar og store format. Samtidig skal rommet gje inspirasjon til kreativitet: eit atlier eller eit ”magisk rom”

4.4 TEATER

Teater er formidling. Teater er ein skueplass. Teater skal sjåast og opplevast av eit publikum. Ein arbeider med skapande prosessar som involverer fleire menneske, og som fører fram til ei dramatisert og scenistisk framstilling.

Teater er også ein smeltedigel for fleire kunststartar – noko som medfører eit aktivt samspel med dei andre kunstuttrykka. Produksjonsleiing og dei ulike disiplinane lys, lyd og scenografi har ein sentral plass i teaterarbeidet. Elevane skal erfara korleis desse elementa er med å gje eit heilskapeleg teateruttrykk.

Mål

- Bli glad i å delta i skapande prosessar i lag med andre
- Utvikla eigen uttrykksevne gjennom aktiv utforsking og utøving med kropp og stemme som uttrykksmidlar
- Få erfaringar med teater som kommunikasjonsmiddel

Innhald og praktiske løysingar

Innhaldet i teaterundervisninga skal ha eit klart praktisk siktemål der eleven si eigenutvikling står sentralt.

Teateropplæringa i kulturskulen kan ha fylgjande innhaldskomponentar:

- Rolleleik
- Improvisasjon
- Rørsle og stemme
- Frå idé til forestilling

Teater som kunstfag er basert på kollektivt skapande arbeid, og difor må arbeidet organiserast i grupper av varierende storleik. Læraren må leggja til rette for at elevane kan trenast i å sjå og vurdera andre sitt arbeid. Dette styrkjer evne til tolking og forståing.

4.5 SKAPANDE SKRIVING

Bruk av egne ord og erfaringar i skapande forteljing og skrivning er eigna til å utvikla sjølvtilitt og fremja engasjement. Ved å stimulera den personlege skriveglede kan vi ta vare på og utvikla skrivelyst og uttrykksglede, utvikla språkkjensle og utvida ordtilfanget. Språket er med å forma tankane våre og vår oppfatning av oss sjølv og omverda. Gjennom å knyta bandet mellom språk og erfaring tettare saman, kan vi auka tilknytning til omverda, til medmenneske og til naturen.

Mål

Gjennom arbeidet med skapande skrivning som uttrykksform skal elevane:

- Verta glad i å skriva og lesa
- Utvikla eit personleg og sjølvstendig språk gjennom utforsking av skrivning og skrift
- Læra å uttrykkja egne kjensler, meiningar og erfaringar, og slik utvikla identiteten sin
- Øva seg i å oppfatta bodskap og verkemiddel i ulike slag tekstar
- Utvikla evne til å vurdera egne og andre sine tekstar

Innhald og praktiske løysingar

Kulturskulen sin skriveverkstad kan ha fylgjande innhald:

- Lyrikk
- Songtekstar
- Eventyr
- Noveller

- Munnleg forteljing
- Argumentasjon

Skapande skrivning bør først og fremst vera eit fagfelt der elevane har høve til å arbeida med egne erfaringar og tekstar gjennom sjølvstendig arbeid.

Elevar i skapande skrivning bør besøkje utstillingar, scenekunst og konsertar med medelevar og profesjonelle aktørar. Inspirasjon frå slike visuelle og auditive uttrykk vil vera naturleg utgangspunkt for å skriva egne tekstar.

Kontakt og samarbeid med forfattar, teater, og liknande er viktig del av tilbodet. Elevane bør få undervisning og rettleiing av profesjonelle forfattarar med erfaring i utforming og utvikling av tekstar. Læraren bør ha innsikt i sjølve skriveprosessen og evne til å formidla glede ved lesing.

5 LOKALE OG UTSTYR

Kulturskulen bør ha egne lokale, som dei sjølve kan disponera fritt. Dette gjeld både undervisningsrom og arbeidsrom for tilsette. Felles møteplassar er òg viktige, både fagleg og sosialt. Her krevst spesialtilpassa lokale for ulike typar aktivitet i kulturskulen.

For musikk er det trong for m.a. øvingsrom med god akustikk, som inneheld både piano og anna utstyr. Kulturskulen må disponera egne instrument og ha eit utval av store og små instrument til utlån. Songanlegg, mikrofonar, forsterkarutstyr og opptaksutstyr må vera ein del av dette. Musikkbibliotek og notesamling er viktige faktorar, i tillegg til scene/konserteral for bruk til både huskonsertar og offentlege arrangement.

I andre fag som til dømes dans, er det andre behov; med golv eigna til dans, speilvegg m.m. Lyd, lys, luft og storleik er av stor betydning.

Teaterundervisning krev scene, lyd, lys m.m. Det bør vera god takhøgde i samband med oppheng, scenografi m.m. God ventilasjon er òg viktig. Lagerrom for kostyme og rekvisittar er naudsynt, i tillegg til gode garderobetilhøve tilpassa teater.

Visuell kunst krev verkstadlokale med store rom. For å kunna utfalda seg, må desse vera rikt utstyrt og samstundes verka inspirerande og spanande. Gode lagringstilhøve er særskild viktig.

Med tanke på framtidige nye undervisningsfag lyt ein tenkja ut fleire ulike løysingar tilpassa slike aktivitetar.

Tilsette i kulturskulen må ha eigna arbeidsplassar/øvingsrom for å betre kunna utføra arbeidet sitt.

Instrument

Kulturskulen må disponera egne instrument, men sambruk med skule/barnehage kan vera aktuelt i visse tilfelle. Skulen bør ha eit utval av store og små instrument til utlån. Songanlegg, mikrofonar, forsterkarutstyr og opptaksutstyr må vera ein del av dette.

6 ARBEIDSMÅTAR OG ORGANISERING

Lærer, utøvar og rollemodell

Læraren betyr mykje for barn og unge sin trivsel og motivasjon, og for den innsatsen dei viser. God undervisning set i gang læring, men den blir fullbyrda ved eleven sin eigeninnsats. Læraren er hjørnesteinen i kulturskulen. Læraren sitt møte med eleven og elevane sitt møte med dei kunstnarlege aktivitetane er det sentrale i lærararbeidet. Samtidig er det viktig å leggja vekt på det sosiale samspelet mellom elevane. Læraren sitt arbeid vil vera ei veksling mellom dei kortsiktige dugleiksmåla ”her og no” og det meir langsiktige målet for estetisk opplæring. Læraren må arbeida systematisk og langsiktig for at alle elevar skal læra mest mogeleg på sine egne premissar, og i ein gjennomtenkt progresjon.

Undervisnings- og arbeidsformer

Kva arbeidsform og læringsaktivitet som er mest hensiktsmessig til ei kvar tid, kjem an på kva føresetnader eleven har, målet, kva lærestoff som skal brukast og kva rammefaktorar ein må forhalda seg til. Det må alltid vera eleven si læring som skal stå i sentrum for dei val som blir gjort.

Ein variasjon i arbeidsformer og organisering vil i seg sjølv ha betydning for konsentrasjon og motivasjon gjennom skuleåret. Det er ein viktig del av læraren sin yrkeskompetanse å beherska eit repertoar av undervisnings- og arbeidsformer og ut frå dette kunna ta rette val.

6.1 GRUPPEUNDERVISNING/INDIVIDUELL UNDERVISNING

Med nye fagområde i kulturskulen er gruppeundervisning ein naturleg måte å organisera arbeidet på mange fagområde. Gruppeundervisning kan passa både for nybyrjarar og for vidarekomne elevar når den pedagogiske differensieringa er god.

Kulturskulen må heile tida vurdera kva organiseringsmåte som er den beste i høve til den enskilde elev og fagområde, og i høve til målsetjinga i denne planen. Eit slikt utviklingsarbeid bør inngå i årsplanlegginga.

6.2 MEISTERLÆRING

Meisterlæring er ei undervisningsform som har lang tradisjon innanfor fleire kunstuttrykk. Den utøvande læraren og demonstrasjonsundervisning står her sentralt. Det same gjer kontinuerleg rettleiing av elev og arbeidsmåte tilknytta praktisk utfolding.

6.3 OPPDAGANDE UNDERVISNING

Her er læraren først og fremst rettleiar. Den utforskande eleven er i fokus, eleven som sjølv finn løysing i eit rollespell eller i utforminga av eit musikkstykke. Denne arbeidsmåten styrkjer eleven si evne til sjølvstendig tenking, personleg uttrykk og kreativ evne.

6.4 UTØVANDE AKTIVITET

Ein sentral del av kulturskulen si verksemd er ulike konsertar, forestillingar og utstillingar, anten i eigen regi eller i samarbeid med andre aktørar. For den einskilde elev blir dette ein del av lærings- og meistringsprosessen, og blir å sjå på som ei viktig arbeidsform innanfor det einskilde kunstuttrykk.

Eit døme på utøvande aktivitet er kulturskulen sine faste rockeverkstader. Utøvande aktivitet er med å synleggjera elevane sine aktivitetar og er miljøskapande for skule og nærmiljø.

6.5 PROSJEKTUNDERVISNING

Kulturskulen kan også arbeida med prosjektretta undervisning, dvs at skulen i periodar av skuleåret kan setja vanleg undervisning til side og arbeida med avgrensa prosjekt, gjerne tverrfagleg. Dette arbeidet kan gjerne resultera i eit produkt eller ein presentasjon. Slik prosjektundervisning kan gjerne gjerast i samarbeid med lokalt kulturliv eller andre skular.

Eit døme på slike prosjekt kan vera samarbeidet mellom kulturskulen og Fusa skule om prosjektet Barnas Festspill, der kulturskuleelevar og elevar frå Fusa skule arbeidde i lag om ei felles framsyning som inkluderte musikk, song og dans.

6.6 FORDJUPNINGSTILBOD

Det kan opprettast særskilt fordjupningstilbod for vidarekomne elevar som treng utfordringar ut over det dei kan få innanfor det ordinære kulturskuletilbodet. Eit slikt tilbod kan organiserast på kommunalt plan, eller det kan organiserast på fylkes- eller regionplan. På den måten åpnar det for deltaking frå elevar utanom vertskommunen. Undervisninga må ivaretakast av høgt kvalifiserte lærarar med stor real- eller formell kompetanse. Oppretting av eit fordjupningstilbod må ikkje gå på bekostning av det breie undervisningstilbodet ellers.

7 VURDERING OG KVALITETSUTVIKLING

I kulturskulen kan vi skilja mellom to slag vurdering:

- Elevvurdering
- Vurdering av verksemda

Elevvurdering

Kulturskulen skal vera ein stad for glede, ein stad der elevane går for å utvikla og uttrykkja seg gjennom kunstnarlege medier, utan eksamenspress og konkurransejag. Her skal dei få erfaring og rettleiing som gjer at alle blir vinnarar på eigne premissar. Her er

kunnskapsutvikling prega av kreativitet og personleg uttrykk. Difor vil formalisert elevvurdering ikkje vera aktuelt.

Vurdering av verksemda

Kulturskulen må driva eit kontinuerleg og systematisk vurderingsarbeid, der føremålet er å sikra at organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa er i pakt med måla til skulen. Arbeid med dette bør bli opptakt til faglege diskusjonar i kollegiet om korleis måla kan nåast. Vurdering av verksemda kan dessutan bidra til å dokumentera og synleggjera kulturskulen i samfunnet ellers.

8 ØKONOMI

I budsjettet for 2011 vedtok kommunestyret å styrkja kulturskulen med tilsaman 70 % stilling. Frå og med 01.08.2011 er det 3,6 stillingsheimlar i kulturskulen. Administrasjonsdelen er på 50 % stilling. Dette nivået er truleg nok til å gje eit kulturskuletilbod til ca 30 % av tal born i grunnskulen i Fusa. Det er eit statleg mål at minst 30 % av tal born i grunnskulen skal ha eit kulturskuletilbod.

Med kulturskulen som eit ressurscenter i kommunen, må også dei økonomiske rammene aukast for å lukkast. Kor mange elevplassar vi til ei kvar tid har, kjem også i ein viss grad an på organisering av ulike gruppetilbod. Brukarynskje vil ha stor betydning for korleis dette kan organiserast frå år til år.

I Soria Moria II (politisk plattform for 2009-2014) seier regjeringa at det skal gjennomførast eit kulturskuleløft, slik at alle born som ynskjer det skal få eit kulturskuletilbod av god kvalitet og til rimeleg pris. I kulturskuleløftet føreslår kulturskuleutvalet 2000 kr pr. år/elevplass. I Fusa er eigenbetalinga 2430 kr pr år/elevplass. For å nå visjonen om kulturskule for alle, og for å oppfylla kulturskuleløftet og regjeringa sine mål, må eigenbetalinga reduserast til 2000 kr pr. år/elevplass. Dersom kulturskulen har 180 elevar, betyr dette reduserte inntekter med ca 77 000 kr. Budsjettramma må altså aukast tilsvarande.